


Alle innlegg må være undertegnet med fullt navn og adresse. Innlegg på trykk signeres med fullt navn, bare unnatakvis godtas merke eller psevdonym. GD forbeholder seg retten til å redigere innlegg. Innsendte manus returneres ikke.

E-post: debatt@gdno

Fax: 61 25 48 72

Post: GD-debatt, Postboks 954, 2604 Lillehammer



KJØP & SALG
Sett inn annonse

gd.no/rubrikk



Hva skjer med Lågen?

Lågen er en flod, sa Ola Hegge fra Fylkesmannens miljøvernavdeling under vassdragstreffet på Vinstra 14. juni i år.

Lågenvassdraget er et vassdrag med veldig stor variasjon, sa han videre, og: Den fungerer som en enhet. Dynamikken i vassdraget må holdes intakt! Det er i tråd med dette at Fylkesmannen tidligere har gått inn for vern av Gudbrandsdalslågen og Nedre Otta.

Så hva skjer? På reiser gjennom Gudbrandsdalen i et par mannsalder har jeg registrert at mer og mer av vassdragsnaturen – fosser, elver, ører, evjer, naturlige strandlinjer – har blitt erstattet med magasin dammer og vegfylinger.

En vesentlig del av hele østlandet er nå sterkt påvirket og til dels ødelagt av menneskelige inngrep i form av dammer, voller og fyllinger. Over lange strekninger er den naturlige elvebredden erstattet av et vegfundament. Og mer skal det bli, om de mest utbyggingsskåre får det som de vil. Ved Vinstra skal en strekning på 5 km av elva erstattes av en dam med kunstige voller og en utgravd kanal. I tillegg har vi utbyggingssplanene i Rosten og Nedre Otta. Den siste berører ikke Lågen direkte som elv, men påvirker helt sikkert fiskeforekomstene

Fisken som rir på grus

Sommaren tyder blant anna fisketurar for meg. - Du har fått aure, seier du? Er det ørret?, spør ei venninne.

Ja, svarar eg, nøgd med fangsten, og lurar på om dei to mamma på den same fisken eigentleg er så veldig forskjellige at det kan vere vanskeleg å sjå likskapen. Det er nemleg i utgangspunktet ikkje berre den same fisken, men faktisk der same ordet.

Dei fleste er vane med at gamle norske diftongar eller tvilydar kan vere forenkla i nokre dialektar og i bokmål. Derfor har vi blant anna både graut og grøt, haust og haust, lauv og løv. Den opphavlege diftongen au blir monofongert eller forenkla til ø. Denne utviklinga er eigentleg ganske lett å forstå når ein prøver å høyre på lyden når ein uttaler orda med diftong litt fort, au > ø. På same måte som graut og grøt har vi også stadnamn eller bekenamn med varierende lydar, som t.d. Aurbekkt og

Ørbekkt. Aur er grus eller grov sand blanda med småstein. Namnet på bekken er dermed veldig beskrivande. Men det er ikkje nødvendigvis aurebekkar eller «ørretbekker», sjølv om auren gjerne trivst i bekkar med mykje aur i.

Auren likar aur. Aurbekkar er ofte klare, og det kan vere relativt lett å sjå auren stå på sin faste plass. Blir fisken skremd, fer han i full fart over grusen og gøymmer seg. Det er slik denne fisken fekk namnet sitt. Einn sa at auren reid på grusen, og fisken heitte rett og slett aurriði på gammalnorsk.

Lyden edd eller stungen d (ð) er ein av dei gammalnorske lydane som gjerne forsvann heilt dersom han ikkje gjekk over til å bli uttalt som d eller t i moderne norsk. I dag seier dei fleste berre ri i staden for ride (gammalnorsk ríða). Derfor er den direkte lydlege utviklinga av aurriði til moderne norsk faktisk aure (aurriði > aurrie > aure). Den siste vokalen i ordet fekk gjerne ein



GRUSRYTTER: Jens Haugan forklarar hvorfor fisken heter ørret, eller aure.
Foto: Vidar Heitkøtter

slapp uttale og blei til e.

Når vi i tillegg også har forna ørret, er det fordi stungen d blei artikulert som ein ustemd konsonant og blei til ein t, og diftongen au blei forenkla til ø. I tillegg fall den siste vokalen heilt bort, altså

aurriði > aurrit > ørret.

Med litt fantasi er det kanskje lettare å «fange» den språklege utviklinga enn sjølve fisken.

Jens Haugan,
Hamnar